



DET KONGELEGE  
FORSVARSDPARTEMENT

# Prop. 13 S

(2019–2020)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringar i statsbudsjettet 2019 under Forsvarsdepartementet

*Tilråding frå Forsvarsdepartementet 22. november 2019,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Solberg)*

### 1 Føremål og hovudoversikt

#### 1.1 Omprioriteringar

I denne proposisjonen foreslår Forsvarsdepartementet naudsynte endringar i forsvarsbudsjettet for 2019 på utgifts- og inntektssida.

Forsvarsdepartementet foreslår at 146 mill. kroner blir omdisponerte for å styrke forsyningsberedskapen for ammunisjon i Forsvaret, jf. målsettinga for langtidsplanen for forsvarssektoren. Ved å tilføre 146 mill. kroner vil forsyningsberedskapen for ammunisjon i Forsvaret bli betrakteleg forbetra.

Det er signert kontrakt om sal av fem utrangerte C-130H Hercules transportfly med tilhøyrande reservedeler. Salet er godkjent av norske (Utanriksdepartementet og Forsvarsdepartementet) og amerikanske (United States Department of State) myndigheiter. Salsprisen er 4,5 mill. dollar, dvs. om lag 40 mill. kroner. Forsvarsdepartementet foreslår å nytte inntekta på om lag 30,0 mill. kronene frå salet av Hercules til å dekkje opp for auka valutautgifter i Forsvaret.

Vidare foreslår Forsvarsdepartementet å omdisponere 19,2 mill. kroner til etableringa av ein leir på Skjold i Troms for nederlandske styrkar som trener og øver i Noreg.

#### 1.2 Føremål

For å skape best mogleg samsvar mellom løyvingane under dei einskilde kapittel og postar, og endringar i budsjettføresetnadene som har skjedd sidan budsjettet blei vedtatt, legg Forsvarsdepartementet fram forslag om endringar i løyvingane til forsvarsbudsjettet for 2019.

Totalt utgjer omgrupperinga for 2019 ein foreslått auke i løyvinga til Forsvarsdepartementet på 102,8 mill. kroner på utgiftssida. På inntektssida er det forslag om å auke løyvingane med 115,7 mill. kroner. I tillegg foreslår Forsvarsdepartementet å auke ei bestillingsfullmakt med 2 523 mill. kroner.

#### 1.3 Grunnlaget for omgrupperinga

##### 1.3.1 Økonomisk grunnlag

Grunnlaget for omgrupperinga er vedtatt budsjett for 2019, midlar overførte frå 2018 og seinare endringar gjort av Stortinget. Det er også teke omsyn til forsvarssektoren sin del av lønskompensasjonen for 2019.

Tabell 1.1 Løyvingar på utgiftssida, før omgruppering 2019, kjem fram slik (i 1 000 kroner):

Saldert budsjett for 2019	58 863 526
Innst. 236 S (2018–2019) til Prop. 57 S (2018–2019) <i>Endringer i statsbudsjettet 2019 under Kulturdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet, Kommunal- og moderiseringsdepartementet, Barne- og likestillingsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet, Samferdselsdepartementet og Forsvarsdepartementet (endringer i departementsstrukturen mv.)</i>	-318 418
Innst. 391 S (2018–2019) til Prop. 114 S (2018–2019) <i>Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2019 (RNB)</i>	1 325 366
Budsjettmessige verknadar av lønsoppgeret i det statlege tariffområdet i 2019	350 669
= Gjeldande løyving	60 221 143

Tabell 1.2 Løyvingar på inntektssida, før omgruppering 2019, kjem fram slik (i 1 000 kroner):

Saldert budsjett for 2019	6 028 631
Innst. 236 S (2018–2019) til Prop. 57 S (2018–2019) <i>Endringer i statsbudsjettet 2019 under Kulturdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet, Kommunal- og moderiseringsdepartementet, Barne- og likestillingsdepartementet, Samferdselsdepartementet og Forsvarsdepartementet (endringer i departementsstrukturen mv.)</i>	-11 895
Innst. 391 S (2018–2019) til Prop. 114 S (2018–2019) <i>Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet 2019 (RNB)</i>	666 985
= Gjeldande løyving	6 683 721

### 1.3.2 Inntekter i 2019

I høve til saldert budsjett for 2019, med endringane gjort av Stortinget i Revidert nasjonalbudsjett for 2019 og i Innst. 236 S (2018–2019) til Prop. 57 S (2018–2019), er det ei meirinntekt på 115,723 mill. kroner. 102,823 mill. kroner av meirinntektene inneber ein parallell auke av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementets generelle

meirinntektsfullmakt i Innst. 7 S (2018–2019) til Prop. 1 S (2018–2019) under romartalsvedtak II. Auke på inntekts- og utgiftssida er innarbeidd og forklart i detalj under pkt. 2 nedanfor.

### 1.3.3 Oppsummering av forslag til løyvingar

Tala i tabellane nedanfor viser forslag til løyvingar knytte til omgrupperinga for 2019.

Tabell 1.3 Forslag til løyvingar på utgiftssida i samband med omgrupperingsproposisjonen er slik (i 1 000 kroner):

Auke knytte til meirinntekter	115 723
- Inntekter som ikkje nyttast på utgiftssida	-12 900
= Auke på utgiftssida på grunn av meirinntekter ført til utgiftssida	102 823
= Sum behov ved omgrupperinga	102 823
+ Løyvingar før omgrupperinga	60 221 143
= Løyvingar etter omgrupperinga	60 323 966

Tabell 1.4 Forslag til løyvingar på inntektssida i samband med omgrupperingsproposisjonen er slik (i 1 000 kroner):

Meirinntekter i omgrupperinga	115 723
+ Løyvingar før omgrupperinga	6 683 721
= Løyvingar etter omgrupperinga	6 799 444

På bakgrunn av dette foreslår Forsvarsdepartementet under forslag til vedtak at utgiftsramma

blir auka med 102,823 mill. kroner, og at inntektsramma blir auka med 115,723 mill. kroner.

## 2 Forslag til utgifts- og inntektsendringar på kapittelnivå

### Kap. 1700 Forsvarsdepartementet

		(i 1 000 kr.)		
Post	Kategori	Saldert budsjett 2019	Gjeldande løyving	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	821 030	869 164	870 873
43	Til disposisjon for Forsvarsdepartementet	10 242	10 242	1 142
71	Overføring til andre	66 346	62 346	63 481
73	Forsking og utvikling	29 724	29 724	24 724

#### Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 1,709 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 2,100 mill. kroner knytte til *Svendsenutvalget* som er oppretta for å greie ut korleis Forsvaret kan betre evna til å rekruttere, behalde, utvikle og avvikle kompetanse. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1700, post 43.

Posten er foreslått redusert med:

- 0,256 mill. kroner knytte til overføring av eit årsverk på Institutt for forsvarsstudiar på Forsvarets Høgskule. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 0,135 mill. kroner til inndeckning av eit meirforbruk på kap. 1700, post 71.

#### Post 43 Til disposisjon for Forsvarsdepartementet

Løyvinga på posten er foreslått redusert med 9,100 mill. kroner.

Posten består av midlar som er disponerte av forsvarsministeren til spesielle behov som krev rask avklaring og som oppstår i løpet av året.

Posten er foreslått redusert med:

- 6,000 mill. kroner knytte til etablering av midlertidig hangarkapasitet etter lynnedslag i ein hangar på Høybuktmoen. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1710, post 01.
- 2,100 mill. kroner knytte til *Svendsenutvalget*, jf. omtale under kap. 1700, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1700, post 01.
- 1,000 mill. kroner knytte til Stiftelsen Rose-slottet, jf. omtale under kap. 1700, post 71. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1700, post 71.

#### Post 71 Overføring til andre

Løyvinga på posten er foreslått auka med 1,135 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 1,000 mill. kroner knytte til Stiftelsen Rose-slottet som planlegg å setje opp ein kunstinstallasjon på Frognerseteren. Kunstinstallasjonen markerar starten på 2. verdskrig i Noreg med

opning 9. april 2020, og frigjøringa av Norge ved å avslutte 8. mai 2021. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1700, post 43.

- 0,135 mill. kroner knytte til å dekkje inn eit meirbehov på posten. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1700, post 01.

#### *Post 73 Forsking og utvikling*

Løyvinga på posten er foreslått redusert med 5,000 mill. kroner knytte til å utarbeide ein heilskapleg gjennomføringsplan for vidareutvikling av HR i forsvarssektoren. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.

### Kap. 4700 Forsvarsdepartementet

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2019	Gjeldande løyving	Løyving etter omgruppering
96	Aksjar	0	0	2 900

#### *Post 96 Aksjar*

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 2,900 mill. kroner.

Forsvarsdepartementet inngikk 13. desember 2018 ei avtale om sal av aksjar i AIM Norway AS

for 2,900 mill. kroner til *Kongsberg Defence & Aerospace AS*. Salet blei avslutta 29. mai 2019. Forsvarsdepartementet foreslår difor ein auke i inntektene på kap. 4700, post 96 med 2,900 mill. kroner. Posten er ny.

### Kap. 1710 Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2019	Gjeldande løyving	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	4 171 164	4 195 032	4 018 532
47	Nybygg og nyanlegg	2 546 032	2 446 032	2 438 532

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten er foreslått netto redusert med 176,500 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 7,500 mill. kroner til etablering av midlertidig hangarkapasitet etter lynnedslag i ein hangar på Høybuktnoen. Etableringa inkluderer skadesanering og riving. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1700, post 43 (6,000 mill. kroner) og kap. 1710, post 47 (1,500 mill. kroner).

Posten er foreslått redusert med:

- 184,000 mill. kroner grunna tilsvarande reduksjon i inntekta, og gjeld hovudsakleg
- oppdragsfinansierte inntekter, jf. omtale på kap. 4710, post 01.

#### *Post 47 Nybygg og nyanlegg*

Løyvinga på posten er foreslått netto redusert med 7,500 mill. kroner.

Posten er foreslått redusert med:

- 6,000 mill. kroner knytte til meirutgiftene til drivstoff i Forsvaret, jf. omtale under kap. 1733, post 01.
- 1,500 mill. kroner knytte til etablering av midlertidig hangarkapasitet etter lynnedslag i ein hangar på Høybuktnoen. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1710, post 01.

**Kap. 4710 Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg**

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2019	Gjeldande løyving	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	3 892 456	3 892 456	3 708 456

*Post 01 Driftsinntekter*

Løyvinga på posten er foreslått netto redusert med 184,000 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 76,000 mill. kroner knytte til meirinntekter frå forsyning av strøm og vatn til leigetakarane og
- 46,000 mill. kroner knytte til meirinntekter frå husleige.

Posten er foreslått redusert med:

- 154,000 mill. kroner knytte til oppdragsfinansierte inntekter utanfor forsvarssektoren og
- 152,000 mill. kroner knytte til oppdragsfinansierte inntekter innanfor forsvarssektoren.

Mindreinntektene fører med seg ein parallell reduksjon av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.

**Kap. 1720 Felleskapasitetar i Forsvaret**

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2019	Gjeldande løyving	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	9 217 413	9 662 511	9 885 952

*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 223,441 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 146,000 mill. kroner knytte til å betre forsyningsberedskapen for ammunisjon i Forsvaret. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1760, post 45.
- 24,683 mill. kroner knytte til gjennomført intereffektivisering. Effektiviseringskravet blei i utgangspunktet lagt på Forsvarets logistikkorganisasjon på kap. 1720, post 01. Effektiviseringa er gjennomført gjennom ulike tiltak som treff fleire av Forsvarets kapittel og poster, og effektiviseringsgevinsten er foreslått tilbakeført til kap. 1720, post 01, for å redusere det opphavlege trekket. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1731, post 01 (1,340 mill. kroner), kap. 1732, post 01 (8,720 mill. kroner), kap. 1733, post 01 (13,181 mill. kroner), 1734, post 01 (0,762 mill. kroner) og 1791, post 01 (0,680 mill. kroner).
- 19,426 mill. kroner knytte til at timeprisane på verkstader er reduserte i 2019 grunna effektivisering. Forsvarsdepartementet foreslår å

gjennomføre korreksjonar i løyvingane. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1731, post 01 (3,911 mill. kroner), kap. 1732, post 01 (9,616 mill. kroner), kap. 1733, post 01 (0,682 mill. kroner), kap. 1734, post 01 (1,719 mill. kroner), kap. 1735, post 21 (0,036 mill. kroner), kap. 1760, post 45 (2,324 mill. kroner), kap. 1790, post 01 (0,226 mill. kroner), kap. 1791, post 01 (0,116 mill. kroner) og kap. 1792, post 01 (0,796 mill. kroner).

- 19,200 mill. kroner knytte til etablering av ein midlertidig leir på Skjold i Troms til nederlandske styrkar som trener og øver i Noreg. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1731, post 01.
- 13,112 mill. kroner knytte til auka valutautgifter i Forsvaret. Det er difor eit behov for auka løyvingar på fleire kapittel. Midlane er foreslått omdisponerte mellom kap. 1720, post 01 (13,112 mill. kroner), kap. 1731, post 01 (-0,471 mill. kroner), kap. 1732, post 01 (4,214 mill. kroner), kap. 1733, post 01 (52,108 mill. kroner), kap. 1760, post 45 (-40,613 mill. kroner), kap. 1790, post 01 (1,650 mill. kroner) og kap. 4760, post 45 (-30,000 mill. kroner).

- 12,056 mill. kroner gjeld Østerdalen landverksted samt Troms og Finnmark landverksted som i april 2019 blei overførte til Forsvarets logistikkorganisasjon. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1731, post 01.
  - 11,267 mill. kroner knytte til interneffektiviseringar innanfor blant anna områda sentralisering av anskaffingar og vedlikehald. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1760, post 01.
  - 5,000 mill. kroner knytte til å utarbeide ein heilskapleg gjennomføringsplan for vidareutvikling av HR i forsvarssektoren. Det er påvist eit betydeleg potensial for å utvikle HR i forsvarssektoren, og desse midlane skal nyttast til gjennomføring av planfasen. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1700, post 73.
  - 3,176 mill. kroner knytte til at Forsvarets logistikkorganisasjon har blitt fakturert for pendlarreiser etter at ordninga blei endra. Forsvarsdepartementet foreslår å omdisponere midlar slik at belastninga kjem på riktig stad. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1731, post 01 (1,091 mill. kroner), kap. 1732, post 01 (0,968 mill. kroner), kap. 1733, post 01 (0,654 mill. kroner), kap. 1734, post 01 (0,089 mill. kroner), kap. 1735, post 21 (0,041 mill. kroner), kap. 1760, post 01 (0,103 mill. kroner) og kap. 1791, post 01 (0,230 mill. kroner).
  - 1,662 mill. kroner knytte til at studentar frå Hæren har deltatt på masterstudiet ved *Naval Postgraduate School* i Monterey i USA. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1731, post 01.
  - 1,408 mill. kroner knytte til overføring av tilsette innanfor IKT frå Forsvarsmateriell til Forsvaret. Forsvarsdepartementet foreslår at midlane knytte til tilsette blir overførte parallelt. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1760, post 01.
  - 1,183 mill. kroner knytte til at Forsvarets høgskule sine eksternfinansierte prosjekt for 2019 feilaktig blei budsjettert på Luftforsvaret. Forsvarsdepartementet foreslår at det foretas korrigering, og midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1733, post 01.
  - 0,750 mill. kroner knytte til at soldatar frå Hæren har delteke på kurs heldt av Forsvarets sanitet. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1731, post 01.
  - 0,378 mill. kroner knytte til at Luftforsvaret i 2019 skal finansiere fem månader av eit prosjektårsverk ved Forsvarets høgskule knytt til eit mentorprogram. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1733, post 01.
  - 0,335 mill. kroner knytte til at drifta av tankanlegget for drivstoff i Ishavet er overført frå Luftforsvaret til Forsvarets logistikkorganisasjon. Dette medfører at midlar til drift av drivstoffanlegget er foreslått overførte parallelt. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1733, post 01.
  - 0,256 mill. kroner knytte til overføring av eit årsverk på Institutt for forsvarsstudiar på Forsvarets Høgskule. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1700, post 01.
- Posten er foreslått redusert med:
- 15,830 mill. kroner knytte til at fellesøvingar i utgangspunktet er budsjetterte på kap. 1720, post 01. I løpet av budsjettåret blir midlane fordelte i samsvar med planane for deltaking på fellesøvingane. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1731, post 01 (5,661 mill. kroner), kap. 1732, post 01 (2,760 mill. kroner), kap. 1733, post 01 (4,839 mill. kroner) og kap. 1734, post 01 (2,570 mill. kroner).
  - 7,492 mill. kroner knytte til ordninga der utgifter til flyreiser for vernepliktige er budsjettert sentralt på kap. 1720, men skal betalast av dei enkelte heimeavdelingane. Forsvarsdepartementet foreslår difor at midlane blir omdisponerte til kap. 1731, post 01 (4,616 mill. kroner), kap. 1732, post 01 (1,711 mill. kroner), kap. 1733, post 01 (1,072 mill. kroner), kap. 1734, post 01 (0,080 mill. kroner) og kap. 1735, post 21 (0,013 mill. kroner).
  - 5,422 mill. kroner som følge av forventna reduserte inntekter, jf. omtale under kap. 4720, post 01.
  - 3,695 mill. kroner knytte til meirbehov for vedlikehald på KV Andenes. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1790, post 01.
  - 1,962 mill. kroner knytte til lønsutgifter for personell i internasjonale operasjonar. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1792, post 01, jf. omtale der.
  - 1,170 kroner knytte til at ny berekningsmodell for personleg kledning og utrusting er innført i Forsvaret. Det er difor behov for å endre fordelinga av midlar knytte til dette. Forsvarsdepartementet foreslår at midlar blir omdisponerte til kap. 1732, post 01 (4,241 mill. kroner) frå kap. 1720, post 01 (1,170 mill. kroner), kap. 1731, post 01 (2,177 mill. kroner), kap. 1733, post 01 (0,675 mill. kroner), kap. 1735, post 21 (0,085 mill. kroner), kap. 1790, post 01 (0,072 mill. kroner) og kap. 1791, post 01 (0,062 mill. kroner).
  - 0,780 mill. kroner knytte til overføring av eit årsverk for basestøtte på Kolsås frå Forsvaret til Forsvarsmateriell. Basestøtta inkluderer administrative tenester, medrekna lokal informasjonsforvaltning, Forsvarets avgrensa intra-

nett (FisBasis) og diverse vaktmeistertjenester. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1760, post 01.

- 0,100 mill. kroner knytte til overføring av oppdrag om gjennomføring av nasjonale militære

meisterskap frå sentralt i Forsvaret til Heimevernet. Dette medfører at midlar til gjennomføring av meisterskapa er foreslått overførte parallelt. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1734, post 01.

### Kap. 4720 Fellekapasitetar i Forsvaret

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2019	Gjeldande løyving	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	517 737	1 223 509	1 219 340

#### Post 01 Driftsinntekter

Løyvinga på posten er foreslått redusert med 4,169 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 1,600 mill. kroner knytte til inntekter frå Forsvarets operative hovudkvarter.
- 1,253 mill. kroner gjeld Østerdalen landverksted samt Troms og Finnmark landverksted som i april 2019 blei overførte til Forsvarets logistikkorganisasjon. Dette medfører at midlar knytte til inntekter er foreslått overførte frå kap. 4731, post 01.

- 0,978 mill. kroner knytte til inntekter frå Forsvarets spesialstyrkar.

Posten er foreslått redusert med:

- 8,000 mill. kroner knytte til reduserte inntekter frå Cyberforsvaret.

Mindreinntektene fører med seg ein parallell reduksjon av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.

### Kap. 1731 Hæren

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2019	Gjeldande løyving	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	5 566 035	5 859 859	5 891 346

#### Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 31,487 mill. kroner.

Posten blir foreslått auka med:

- 54,000 mill. kroner grunna tilsvarande inntektsauke på kap. 4731, post 01, og gjeld inntekter frå allierte som trener og øver i Noreg i 2019.
- 15,449 mill. kroner knytte til auka regulativløn som følge av høgare lønstrinn i internasjonale operasjonar. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1792, post 01.
- 5,661 mill. kroner knytte til at midlar til fellesøvingar som i utgangspunktet er budsjetterte sentralt. I løpet av budsjettåret blir mid-

lane fordelt i samsvar med planane for deltaking på fellesøvingane, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1720, post 01.

- 4,616 mill. kroner knytte til ordninga der utgifter til flyreiser for vernepliktige er budsjetterte sentralt på kap. 1720, men skal betalast av de enkelte heimeavdelingane, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Forsvarsdepartementet foreslår at midlane blir omdisponerte frå kap. 1720, post 01.
- 0,345 mill. kroner knytte til utgifter for kurs ved *International Special Training Center* i 2019 for personell tilhørende Sjøforsvaret, kor Hæren i utgangspunktet har dekkta utgiftene.

Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1732, post 01.

Posten blir foreslått redusert med:

- 19,200 mill. kroner knytte etableringa av ein midlertidig leir på Skjold i Troms til nederlandske styrkar som trener og øver i Noreg. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 12,056 mill. kroner gjeld Østerdalen landverksted samt Troms og Finnmark landverksted som i april 2019 blei overførte til Forsvarets logistikkorganisasjon. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 5,926 mill. kroner knytte til lønsutgifter for personell i internasjonale operasjonar, jf. omtale under kap. 1792, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1792, post 01.
- 3,911 mill. kroner knytte til at timeprisane på verkstader er redusert i 2019 grunna effektivisering, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 2,177 mill. kroner knytte til at ny berekningsmodell for personleg kledning og utrusting er innført i Forsvaret, jf. omtale under kap. 1720, post 01.
- 1,662 mill. kroner knytte til at studentar frå Hæren har deltatt på masterstudiet ved *Naval Postgraduate School* i Monterey i USA. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 1,340 mill. kroner knytte til gjennomført intern-effektivisering, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte til 1720, post 01.
- 1,091 mill. kroner knytte til at Forsvarets logistikkorganisasjon har blitt fakturert for pendlarreiser etter at ordninga blei endra, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 0,750 mill. kroner knytte til at vernepliktig personell frå Hæren har deltatt på kurs ved Forsvarets sanitet. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 0,471 mill. kroner knytte til auka valutautgifter i Forsvaret i 2019, jf. omtale under kap. 1720, post 01.

### Kap. 4731 Hæren

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2019	Gjeldande løyving	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	91 984	99 310	152 057

#### Post 01 Driftsinntekter

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 52,747 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 54,000 mill. kroner gjeld auka inntekter frå allierte som trener og øver i Noreg i 2019.

Posten er foreslått redusert med:

- 1,253 mill. kroner gjeld Østerdalen landverksted samt Troms og Finnmark landverksted som i april 2019 blei overførte til Forsvarets logistikkorganisasjon. Dette medfører at midlar knytte til inntekter er foreslått overførte til kap. 4720, post 01.

Meirinntektene fører med seg ein parallell auke av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.

### Kap. 1732 Sjøforsvaret

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2019	Gjeldande løyving	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	4 389 630	5 029 653	5 067 384



*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 37,731 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 35,600 mill. kroner knytte til å oppretthalde planlagt aktivitet i Sjøforsvaret. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1760, post 45.
- 20,000 mill. kroner gjelder ikkje-budsjetterte operasjonar for å vareta operative behov. Dette påfører Sjøforsvaret ekstraavgifter. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1733, post 01.
- 4,241 mill. kroner knytte til at ny berekningsmodell for personleg kledning og utrusting er innført i Forsvaret, jf. omtale under kap. 1720, post 01.
- 4,214 mill. kroner knytte til auka valutautgifter i Forsvaret i 2019, jf. omtale under kap. 1720, post 01.
- 2,760 kroner knytte til at midlar til fellesøvingar i utgangspunktet er budsjetterte sentralt. I løpet av budsjettåret blir midlane fordelte i samsvar med planane for deltaking på fellesøvingane, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1720, post 01.
- 1,711 mill. kroner knytte til ordninga der utgifter til flyreiser for vernepliktige er budsjetterte sentralt på kap. 1720, men skal betalast av de enkelte heimeavdelingane, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Forsvarsdepartementet

foreslår at midlane blir omdisponerte frå kap. 1720, post 01.

Posten er foreslått redusert med:

- 10,000 mill. kroner knytte til vedlikehald på kystvaktfartøy i Nordkappklassen. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1790, post 01.
- 9,616 mill. kroner knytte til at timeprisane på verkstader er reduserte i 2019 grunna effektivisering, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 8,720 mill. kroner knytte til gjennomført intereffektivisering, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte til 1720, post 01.
- 1,146 mill. kroner knytte til lønsutgifter for personell i internasjonale operasjonar, jf. omtale under kap. 1792, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1792, post 01.
- 0,968 mill. kroner knytte til at Forsvarets logistikkorganisasjon har blitt fakturert for pendlarreiser etter at ordninga blei endra, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 0,345 mill. kroner knytte til utgifter for kurs ved *International Special Training Center* i 2019 for personell tilhørende Sjøforsvaret, kor Hæren i utgangspunktet har dekkja utgiftene. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1731, post 01.

**Kap. 1733 Luftforsvaret**

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2019	Gjeldande løyving	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	5 292 845	5 556 997	5 585 779

*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 28,782 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 52,108 mill. kroner knytte til auka valutautgifter i Forsvaret i 2019, jf. omtale under kap. 1720, post 01.
- 14,721 mill. kroner knytte til meirutgiftene til drivstoff i Forsvaret. Meirutgiftene har samband med den uventa auka i drivstoffprisen. Det er difor behov for å fordele midlar til dette. Midlane er foreslått omdisponerte med føl-

gjande endringar: kap. 1710, post 47 (-6,000 mill. kroner), kap. 1733, post 01 (14,721 mill. kroner), kap. 1760, post 45 (-8,123 mill. kroner), kap. 1790, post 01 (5,680 mill. kroner) og kap. 4760, post 01 (-6,278 mill. kroner).

- 4,839 mill. kroner knytte til at midlar til fellesøvingar i utgangspunktet er budsjetterte sentralt, jf. omtale under kap. 1720, post 01. I løpet av budsjettåret blir midlane fordelte i samsvar med planane for deltaking på fellesøvingane. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1720, post 01.
- 1,072 mill. kroner knytte til ordninga der utgifter til flyreiser for vernepliktige er budsjetterte

sentralt på kap. 1720, men skal betalast av dei enkelte heimeavdelingane, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Forsvarsdepartementet foreslår at midlane blir omdisponerte frå kap. 1720, post 01.

Posten er foreslått redusert med:

- 20,000 mill. kroner gjelder ikkje-budsjetterte operasjonar i Sjøforsvaret for å vareta operative behov. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1732, post 01.
- 13,181 mill. kroner knytte til gjennomført intereffektivisering, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte til 1720, post 01.
- 6,305 mill. kroner knytte til vedlikehald på KV Andenes. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1790, post 01.
- 1,183 mill. kroner til oppretting av at Forsvarets høgskule sine eksternfinansierte prosjekter tidligare i 2019 feilaktig blei budsjettert på Luftforsvaret. Forsvarsdepartementet foreslår at det foretas ein korrigering, og midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 0,682 mill. kroner knytte til at timeprisane på verkstader er reduserte i 2019 grunna effektivisering, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Mid-

lane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.

- 0,675 mill. kroner knytte til at ny berekningsmodell for personleg kledning og utrusting er innført i Forsvaret, jf. omtale under kap. 1720, post 01.
- 0,654 mill. kroner knytte til at Forsvarets logistikkorganisasjon har blitt fakturert for pendlarreiser etter at ordninga blei endra, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 0,565 mill. kroner knytte til lønsutgifter for personell i internasjonale operasjonar, jf. omtale under kap. 1792, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1792, post 01.
- 0,378 mill. kroner knytte til at Luftforsvaret i 2019 skal finansiere fem månader av eit prosjektårsverk ved Forsvarets høgskule knytte til eit mentorprogram. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 0,335 mill. kroner knytte til at drifta av tankanlegget for drivstoff i Ishavet er overført frå Luftforsvaret til Forsvarets logistikkorganisasjon. Dette medfører at midlar til drift av drivstoffanlegget er foreslått overførte parallelt. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.

## Kap. 1734 Heimevernet

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2019	Gjeldande løyving	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	1 394 798	1 396 977	1 396 972

### Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten er foreslått netto redusert med 0,005 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 2,570 kroner knytte til at midlar til fellesøvingar i utgangspunktet er budsjetterte sentralt, jf. omtale under kap. 1720, post 01. I løpet av budsjettåret blir midlane fordelte i samsvar med planane for deltaking på fellesøvingane. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1720, post 01.
- 0,100 mill. kroner knytte til overføring av oppdrag om gjennomføring av nasjonale militære meisterskap frå sentralt i Forsvaret til Heimevernet. Dette medfører at midlar til gjennomføring av meisterskapa er foreslått overførte

parallelt. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1720, post 01.

- 0,080 mill. kroner knytte til ordninga der utgifter til flyreiser for vernepliktige er budsjettert sentralt på kap. 1720, men skal betalast av dei enkelte heimeavdelingane, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Forsvarsdepartementet foreslår at midlane blir omdisponerte frå kap. 1720, post 01.

Posten er foreslått redusert med:

- 1,719 mill. kroner knytte til at timeprisane på verkstader er redusert i 2019 grunna effektivisering, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 0,762 mill. kroner knytte til gjennomført intern-effektivisering, jf. omtale under kap. 1720,

- post 01. Midlane er foreslått omdisponerte til 1720, post 01.
- 0,185 mill. kroner knytte til lønsutgifter for personell i internasjonale operasjonar, jf. omtale under kap. 1792, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1792, post 01.
  - 0,089 mill. kroner knytte til at Forsvarets logistikkorganisasjon har blitt fakturert for pendlarreiser etter at ordninga blei endra, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.

### Kap. 1735 Etterretningstenesta

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2019	Gjeldande løyving	Løyving etter omgruppering
21	Spesielle driftsutgifter	2 005 584	2 051 690	2 051 541

#### Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga på posten er foreslått netto redusert med 0,149 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 0,013 mill. kroner knytte til ordninga der utgifter til flyreiser for vernepliktige er budsjetterte sentralt på kap. 1720, men skal betalast av de enkelte heimeavdelingane, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Forsvarsdepartementet foreslår at midlane blir omdisponerte frå kap. 1720, post 01.

Posten er foreslått redusert med:

- 0,085 mill. kroner knytte til at ny berekningsmodell for personleg kledning og utrusting er innført i Forsvaret, jf. omtale under kap. 1720, post 01.
- 0,041 mill. kroner knytte til at Forsvarets logistikkorganisasjon har blitt fakturert for pendlarreiser etter at ordninga blei endra, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 0,036 mill. kroner knytte til at timeprisane på verkstader er redusert i 2019 grunna effektivisering, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.

### Kap. 1760 Forsvarsmateriell og større anskaffingar og vedlikehald

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2019	Gjeldande løyving	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	1 629 765	1 583 701	1 744 522
44	Fellesfinansierte investeringar, nasjonal-finansiert del	83 185	56 985	64 041
45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald	8 952 590	8 986 021	8 913 676
48	Fellesfinansierte investeringar, fellesfinansiert del	205 000	52 111	31 380

*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 160,821 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 139,360 mill. kroner grunna tilsvarende auke i inntekta, og gjeld hovudsakleg refusjonar, jf. omtale under kap. 4760, post 01.
- 16,000 mill. kroner gjeld prosjektet «Tilrettelagt innhenting» for innhenting av grenseover-skridande, elektronisk kommunikasjon. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1760, post 45.
- 8,931 mill. kroner grunna at pågåande prosjekter har ei høgare lønsutgift enn forventa på budsjetteringstidspunktet. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1760, post 45.
- 8,100 mill. kroner knytte til avhending. Dette gjeld meirutgifter (4,000 mill. kroner) og lågare salsinntekter (4,100 mill. kroner). Midlane er foreslått finansiert med inntektsauke på kap. 4760, post 45.
- 7,920 mill. kroner knytte til tenester utført for Sjøforsvaret. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1760, post 45.
- 0,780 mill. kroner knytte til overføring av eit årsverk for basestøtte på Kolsås frå Forsvaret til Forsvarsmateriell. Basestøtta inkluderer administrative tenester, medrekna lokal informasjonsforvaltning, Forsvarets avgrensa intranett (FisBasis) og diverse vaktmeistertenester. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1720, post 01.

Posten er foreslått redusert med:

- 11,267 mill. kroner knytte til interneffektivisering innanfor blant anna områda sentralisering av anskaffingar og vedlikehald. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 7,056 mill. kroner knytte til utgifter til NATO *Security Investment Programme*-prosjekter. Hensikta med denne endringa er å etablere ein felles praksis for regnskapsføring av investeringsutgiftene, uavhengig av leverandør. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1760, post 44.
- 1,408 mill. kroner knytte til overføring av tilsette innanfor IKT frå Forsvarsmateriell til Forsvaret. Forsvarsdepartementet foreslår at midlane knytte til tilsette blir overførte parallelt. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 0,436 mill. kroner knytte til lønsutgifter for personell i internasjonale operasjonar, jf. omtale

under kap. 1792, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1792, post 01.

- 0,103 mill. kroner knytte til at Forsvarets logistikkorganisasjon har blitt fakturert for pendlarreiser etter at ordninga blei endra, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.

*Post 44 Fellesfinansierte investeringar, nasjonal-finansiert del*

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 7,056 mill. kroner knytte til utgifter til NATO *Security Investment Programme*-prosjekter. Hensikta med endringa er å etablere ein felles praksis for regnskapsføring av investeringsutgiftene, uavhengig av leverandør. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1760, post 01.

*Post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald*

Løyvinga på posten er foreslått netto redusert med 72,345 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 143,000 mill. kroner som følge av betalingsforskyvingar for kampflyet F-35 etter gjennomgang av kontraktar i det fleirnasjonale partnerskapet. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1761, post 45.
- 39,166 mill. kroner grunna tilsvarende inntektsauke på kap. 4760, post 45 knytte til missilsamarbeid med Tyskland.
- 11,000 mill. kroner knytte til styrka prosjektporteføljen. Midlane er foreslått finansiert med tilsvarende inntektsauke på kap. 4760, post 45 (10,817 mill. kroner) og kap. 4760, post 01 (0,183 mill. kroner).

Posten er foreslått redusert med:

- 146,000 mill. kroner knytte til å betre forsyningsberedskapen for ammunisjon i Forsvaret. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 43,520 mill. kroner knytte til å oppretthalde planlagt aktivitet i Sjøforsvaret og tenester utført av Forsvarsmateriell for Sjøforsvaret. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1732, post 01 (35,600 mill. kroner) og kap. 1760, post 01 (7,920 mill. kroner).
- 40,613 mill. kroner knytte til auka valuta-utgifter i Forsvaret i 2019, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 16,000 mill. kroner gjeld prosjektet «Tilrettelagt innhenting» som er knytte til tilrettelagt

- innhenting av grenseoverskridande, elektronisk kommunikasjon. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1760, post 01.
- 8,931 mill. kroner grunna at pågåande prosjekter på kap. 1760, post 01 har ei høgare lønsutgift enn forventa på budsjetteringstidspunktet. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1760, post 01.
  - 8,123 mill. kroner knytte til meirutgiftene til drivstoff i Forsvaret, jf. omtale under kap. 1733, post 01.
  - 2,324 mill. kroner knytte til at timeprisane på verkstader er reduserte i 2019 grunna effektiv-

sering, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.

*Post 48 Fellesfinansierte investeringar, fellesfinansiert del*

Løyvinga på posten er foreslått redusert med 20,731 mill. kroner grunna tilsvarende reduksjon i inntekta. 15,200 mill. kroner av reduksjonen er knytte til forseinkingar i NATO-prosjekt, og 5,531 mill. kroner er knytte til reduksjon av refusjonar frå NATO, jf. kap. 4760, post 48.

**Kap. 4760 Forsvarsmateriell og større anskaffingar og vedlikehald**

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2019	Gjeldande løyving	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	33 090	30 182	176 003
45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, inntekter	0	34 460	132 543
48	Fellesfinansierte investeringar, fellesfinansiert del, inntekter	205 036	54 436	33 705

*Post 01 Driftsinntekter*

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 145,821 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 80,608 mill. kroner knytte til refusjonar frå Forsvaret.
- 35,905 mill. kroner knytte til refusjonar frå Forsvarsbygg.
- 17,728 mill. kroner knytte til meirinntekter frå royalties.
- 11,580 mill. kroner knytte til refusjonar frå Forsvarets forskingsinstitutt.

Meirinntektene fører med seg ein parallell auke av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.

*Post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, inntekter*

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 98,083 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 40,000 mill. kroner knytte til sal av dei utrangerte transportflya C-130H Hercules.

- 39,166 mill. kroner knytte til missilsamarbeid med Tyskland.
- 18,917 mill. kroner knytte til konvensjonalbøter.

Meirinntektene fører med seg ein parallell auke av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.

*Post 48 Fellesfinansierte investeringar, fellesfinansiert del, inntekter*

Løyvinga på posten er foreslått netto redusert med 20,731 mill. kroner.

Posten er foreslått redusert med:

- 15,200 mill. kroner knytte til forseinkingar i NATO-prosjekt og
- 5,531 mill. kroner knytte til reduksjon frå refusjonar frå NATO grunna periodisering.

Mindreinntektene fører med seg ein parallell reduksjon av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.

**Kap. 1761 Nye kampfly med baseløysing**

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2019	Gjeldande løyving	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	191 471	192 826	167 826
45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald	7 009 512	7 009 512	6 891 512

*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten er foreslått redusert med 25,000 mill. kroner knytte til utdanning for kampflypilotar i USA. Midlane er foreslått nytta til anskaffing av materiell og omdisponerte til kap. 1761, post 45.

*Post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald*

Løyvinga på posten er foreslått redusert med 118,000 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 25,000 mill. kroner som følge anskaffing av nytt materiell. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1761, post 01.

Posten er foreslått redusert med:

- 143,000 mill. kroner som følge av betalingsforskyvingar for kampflyet F-35 etter gjennomgangar av kontraktar i det fleirnasjonale partnerskapet på posten. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1760, post 45.

**Kap. 1790 Kystvakta**

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2019	Gjeldande løyving	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	1 157 875	1 084 913	1 111 945

*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 27,032 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 10,000 mill. kroner knytte til vedlikehald på kystvaktfartøy i Nordkappklassen. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1732, post 01.
- 10,000 mill. kroner knytte til vedlikehald på KV Andenes. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1720, post 01 (3,695 mill. kroner) og kap. 1733, post 01 (6,305 mill. kroner).
- 5,680 mill. kroner knytte til meirutgiftene til drivstoff i Forsvaret, jf. omtale under kap. 1733, post 01.

- 1,650 mill. kroner knytte til auka valutautgifter i Forsvaret i 2019, jf. omtale under kap. 1720, post 01.

Posten er foreslått redusert med:

- 0,226 mill. kroner knytte til at timeprisane på verkstader er redusert i 2019 grunna effektivisering, jf. omtale under kap. 1720, post 01.
- 0,072 mill. kroner knytte til at ny berekningsmodell for personleg kledning og utrusting er innført i Forsvaret, jf. omtale under kap. 1720, post 01.

**Kap. 1791 Redningshelikoptertenesta**

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2019	Gjeldande løyving	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	866 848	912 550	936 534

*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 23,984 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 25,072 mill. kroner grunna tilsvarende inntektsauke på kap. 4791, post 01, og gjeld auka inntekter frå Justis- og beredskapsdepartementet.

Posten er foreslått redusert med:

- 0,680 mill. kroner knytte til gjennomført intern-effektivisering, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte til 1720, post 01.

- 0,230 mill. kroner knytte til at Forsvarets logistikkorganisasjon har blitt fakturert for pendlarreiser etter at ordninga blei endra, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 0,116 mill. kroner knytte til at timeprisane på verkstader er redusert i 2019 grunna effektivisering, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.
- 0,062 mill. kroner knytte til at ny berekningsmodell for personleg kledning og utrusting er innført i Forsvaret, jf. omtale under kap. 1720, post 01.

**Kap. 4791 Redningshelikoptertenesta**

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2019	Gjeldande løyving	Løyving etter omgruppering
01	Driftsinntekter	774 747	819 747	844 819

*Post 01 Driftsinntekter*

Løyvinga på posten er foreslått netto auka med 25,072 mill. kroner knytte til forventa auka inntekter frå Justis- og beredskapsdepartementet i 2019.

Meirinntektene fører med seg ein parallell auke av utgiftsramma, jf. Forsvarsdepartementets generelle meirinntektsfullmakt.

**Kap. 1792 Norske styrkar i utlandet**

(i 1 000 kr.)

Post	Kategori	Saldert budsjett 2019	Gjeldande løyving	Løyving etter omgruppering
01	Driftsutgifter	990 316	999 373	993 348

*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten er foreslått netto redusert med 6,025 mill. kroner.

Posten er foreslått auka med:

- 10,220 mill. knytte til lønsutgifter for personell i internasjonale operasjonar på oppdrag for etterretningstenesta. Etterretningstenesta bokfører denne løna på kap. 1792, post 01. Løna til personell frå andre avdelingar er budsjettetert på dei enkelte kapitla og skal tilbakeførast til kap. 1792, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte frå kap. 1720, post 01 (1,962 mill. kroner), kap. 1731, post 01 (5,926 mill. kroner), kap. 1732, post 01 (1,146 mill. kroner), kap. 1733, post 01 (0,565 mill. kroner), kap. 1734, post 01 (0,185 mill. kroner) og kap. 1760, post 01 (0,436 mill. kroner).

Posten er foreslått redusert med:

- 15,449 mill. kroner knytte til auka regulativløn som følge av høgare lønstrinn i internasjonale operasjonar. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1731, post 01.

- 0,796 mill. kroner knytte til at timeprisane på verkstader er redusert i 2019 grunna effektivisering, jf. omtale under kap. 1720, post 01. Midlane er foreslått omdisponerte til kap. 1720, post 01.

### **3 Bestillingsfullmakter**

Det er foreslått auke i bestillingsfullmakter i 2019 for kap. 1720, post 01, med 2 523 mill. kroner, frå 2 172 mill. kroner til 4 695 mill. kroner. Auka er knytt til bestillingar av ammunisjon, klede og utrustning samt at Forsvarets høgskule inngår kontrakt om leveranse av utdanning frå eksterne.

Forsvarsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit vedlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2019 under Forsvarsdepartementet.

---

**Vi HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2019 under Forsvarsdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

---



## Forslag til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2019 under Forsvarsdepartementet

### I

I statsbudsjettet for 2019 blir det gjort følgjande endringer:

#### Utgifter:

Kap.	Post	Føremål	Kroner
1700		Forsvarsdepartementet	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr. 869 164 000 til kr. 870 873 000	1 709 000
	43	Til disposisjon for Forsvarsdepartementet, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr. 10 242 000 til kr. 1 142 000	9 100 000
	71	Overføring til andre, <i>kan overførast</i> , blir auka med ..... frå kr. 62 346 000 til kr. 63 481 000	1 135 000
	73	Forskning og utvikling, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr. 29 724 000 til kr. 24 724 000	5 000 000
1710		Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg	
	01	Driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr. 4 195 032 000 til kr. 4 018 532 000	176 500 000
	47	Nybygg og nyanlegg, <i>kan overførast, kan nyttast under kap. 1761, post 47</i> , blir redusert med ..... frå kr. 2 446 032 000 til kr. 2 438 532 000	7 500 000
1720		Felleskapasitetar i Forsvaret	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr. 9 662 511 000 til kr. 9 885 952 000	223 441 000
1731		Hæren	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr. 5 859 859 000 til kr. 5 891 346 000	31 487 000
1732		Sjøforsvaret	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr. 5 029 653 000 til kr. 5 067 384 000	37 731 000

Kap.	Post	Føremål	Kroner
1733		Luftforsvaret	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr. 5 556 997 000 til kr. 5 585 779 000	28 782 000
1734		Heimevernet	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med ..... frå kr. 1 396 977 000 til kr. 1 396 972 000	5 000
1735		Etterretningstenesta	
	21	Spesielle driftsutgifter, blir redusert med ..... frå kr. 2 051 690 000 til kr. 2 051 541 000	149 000
1760		Forsvarsmateriell og større anskaffingar og vedlikehald	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 1760, post 45</i> , blir auka med ..... frå kr. 1 583 701 000 til kr. 1 744 522 000	160 821 000
	44	Fellesfinansierte investeringar, nasjonalfinansiert del, <i>kan overførast</i> , blir auka med ..... frå kr. 56 985 000 til kr. 64 041 000	7 056 000
	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast, kan nyttast under kap. 1761, post 45</i> , blir redusert med ..... frå kr. 8 986 021 000 til kr. 8 913 676 000	72 345 000
	48	Fellesfinansierte investeringar, fellesfinansiert del, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr. 52 111 000 til kr. 31 380 000	20 731 000
1761		Nye kampfly med baseløysing	
	01	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 1761, post 45</i> , blir redusert med ..... frå kr. 192 826 000 til kr. 167 826 000	25 000 000
	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast, kan nyttast under kap. 1760, post 45</i> , blir redusert med ..... frå kr. 7 009 512 000 til kr. 6 891 512 000	118 000 000
1790		Kystvakta	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr. 1 084 913 000 til kr. 1 111 945 000	27 032 000
1791		Redningshelikoptertenesta	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 912 550 000 til kr. 936 534 000	23 984 000
1792		Norske styrkar i utlandet	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med ..... frå kr. 999 373 000 til kr. 993 348 000	6 025 000

## Inntekter:

Kap.	Post	Føremål	Kroner
4700		Forsvarsdepartementet	
NY	96	Aksjar, blir auka med ..... frå kr. 0 til kr. 2 900 000	2 900 000
4710		Forsvarsbygg og nybygg og nyanlegg	
	01	Driftsinntekter, blir redusert med ..... frå kr. 3 892 456 000 til kr. 3 708 456 000	184 000 000
4720		Felleskapasitetar i Forsvaret	
	01	Driftsinntekter, blir redusert med ..... frå kr. 1 223 509 000 til kr. 1 219 340 000	4 169 000
4731		Hæren	
	01	Driftsinntekter, blir auka med ..... frå kr. 99 310 000 til kr. 152 057 000	52 747 000
4760		Forsvarsmateriell og større anskaffingar og vedlikehald	
	01	Driftsinntekter, blir auka med ..... frå kr. 30 182 000 til kr. 176 003 000	145 821 000
	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, inntekter, blir auka med ..... frå kr. 34 460 000 til kr. 132 543 000	98 083 000
	48	Fellesfinansierte investeringar, inntekter, blir redusert med ..... frå kr. 54 436 000 til kr. 33 705 000	20 731 000
4791		Redningshelikoptertenesta	
	01	Driftsinntekter, blir auka med ..... frå kr. 819 747 000 til kr. 844 819 000	25 072 000

## II

## Bestillingsfullmakter

Stortinget samtykker i at Forsvarsdepartementet i 2019 kan gjere tingingar ut over dei gjevne løyvingane. Den samla ramma for nye tingingar og gammalt ansvar skal ikkje overstige følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme (kroner)
1720		Felleskapasitetar i Forsvaret	
	01	Driftsutgifter	4 695 000 000

